

KOMMUNEREFORMA

Det store vegvalet i Vanylven kommune



Foto: Anna Ma Olsson

I dette innlegget ynskjer Vanylven kommune å informere innbyggjarane om arbeidet rundt kommunereforma, kva utgreiingar som er utført, kva ein kan velje ved folkerøystinga og så langt det let seg gjere gå inn på konsekvensane ved dei ulike alternativa.

Går ein sørover til Vågsøy og Selje, nordover til Sande, Herøy, Ulstein og Hareid?

Eller står vi best aleine? Og er det eit reelt alternativ?

Kva vert konsekvensane?

ORDFØRAR



brukt mykje tid til å skaffe meg innsikt

I dag er Vanylven kommune definert som ein eigen bu- og arbeidsmarknadsregion. Vi bur i ei god kommune, med nærleik til tenestene og til dei folkevalde, så når kommunereforma vart eit tema var det nok ein høg terskel å stige over for å erkjenne at også vi må ta del i dette arbeidet.

Men politikanne i vår kommune var framoverlente, og gjorde i september 2014 eit vedtak om korleis tilnærme seg utfordringane. Kommunestyret ba ordføraren og rådmannen om å gå i samtalar og sonderingar med dei nærliggande kommunane med føremål å søkje ein formålstenleg kommunestruktur.

Hausten 2015 kom kommunevalet, og vi fekk ei stor utskifting i kollegiet som har ansvar for å drive prosessen framover. Som nyvald ordførar har eg naturleg nok brukt mykje tid til å skaffe meg innsikt i kva vedtak og arbeid som har vore gjort så langt, slik at eg kan fronte det fellesskapet har bestemt for Vanylven si framtid.

Utgangspunktet i haust var å ta fatt på arbeidet med å føre prosessane vidare. Kommunestyret har heile tida levert tydelege vedtak som eg som ordførar har kunne rette meg etter.

Vi har hatt dialog nordover og sørover. I sør var det i ferd med å utkrystallisere seg ein intensjonsavtale når vi kom inn i samarbeidet, i nord var dialogen så vidt i gong. Frå aust, Volda, hadde vi fått stoppsignal etter at dei har bestemt seg for stå åleine, eventuelt å sjå mot Ørsta (og seinare Hornindal/Stryn).

Vi har sidan starta forhandlingar med aktuelle samarbeidskommunar og kommunestyret vedtok 12.01.16:

Vanylven kommune vil gå for tre alternativ i kommunesamanslåingsprosessen:

- Ytre Søre Sunnmøre med kommunane Sande, Ulstein, Herøy og Hareid
- Nordfjord med kommunane Vågsøy og Selje
- Vanylven skal bestå som eigen kommune

Mine opplevingar undervegs har vore at vi alle arbeider på kvar vår måte. Og i mangel på retningslinjer, informa-

sjonspakkar eller prosessskildring har kvar kommune, kvar ordførar og kvar politikanne måtte finne sin veg inn i dette store, strukturelle reformarbeidet.

Kvifor kommunereform?

Det er eit spørsmål eg har reflektert ein del over i denne prosessen.

Å drive ei kommune er ei mangfaldig oppgåve, med ulike fasettar, ståstadar og synsvinklar. Variasjonen i kva som skal gjerast er stor, og arbeidet er krevjande. Vi har over tid sett at vi må samarbeide med andre for å kunne løse lovpålagde oppgåver.

Med stadig aukande krav frå styresmaktene, og med sårbarheit innanfor kvart tenesteområde vert behova for samarbeid stadig større. Vi har rett og slett kome dit at vi må innsjå at vi administrativt er for små, sjølv om vi arealmessig er store.

Om det då er slik at vi uansett vert avhengige av dei rundt oss, bør vi ikkje då sørge for å bidra til styring i dette? Slik at våre behov, utfordringar og hjartesaker vert sett på i eit større perspektiv? Og ja, vi har fått for lite informasjon om verknader av inntektssystem, styring av demokratiet og tenestetildeling frå styresmaktene. Såleis er det vanskeleg og gje gode svar på viktige spørsmål frå innbyggjarane, men vi kan uansett ikkje sette oss på bakbeina og stritte imot. Vi veit at vi vert meir og meir avhengige av dei rundt oss for å styrke oss fagleg, samarbeide om tenesteyting, og sikre påverknad mot styresmaktene i saker vi brenn for.

Skal vi få på plass Rovdefjordsambandet må vi setje oss ved bordet saman med naboane og løfte perspektivet i dette prosjektet regionalt, slik at vi saman styrkar argumenta for realisering.

Kommunereforma handlar om framtida vår. Er det blitt slik at kommunegrensene vert eit hinder for vekst, meir enn eit trygt gjerde der vi kan fritt leike oss på kjent område? Endringane er i full gong, og vi må vere med om vi ikkje skal bli fullstendig sett på sidelinja.

Lena Landsverk Sande
ordførar
Vanylven kommune

RÅDMANN



måtte sjølve finne vegen

Hausten 2014 fekk vi utfordringane om å starte arbeidet med ei kommunereform.

Kva skulle innfallsvinkelen til dette arbeidet vere? I starten venta mange på rapportar, som når dei kom, ikkje nødvendigvis gav oss dei svara vi ynskte eller hadde behov for. Vi måtte sjølve finne vegen for prosessen og vi har vore bevisste på å justere kursen undervegs.

Men før ein skal å gå vidare med ein visjon for kva ein ynskjer i framtida, må ein kjenne no-tida. Vi har difor utført eit omfattande kartleggingsarbeid på tenestene våre og korleis vi arbeider. Vanylven veit kva vi er gode på og kva vi må arbeide meir med.

Vanylven kommune gjekk tidleg i gong med innbyggjarundersøking, - kva vil folk? Svara har vore tydelege, sjølv om plasseringa vår i regionen og det faktum at Vanylven er ein stor geografisk kommune, gjer at der er fleire standpunkt.

Dersom vi ønskjer at Vanylven kommune skal vere "åleine", må vi forstå konsekvensane.

Sjølv om vi berre ser konturane av eit nytt inntektssystem, bør vi ikkje late att auga og vente eller håpe på alternativ. Berre ut i frå dei kjende faktorane kan vi planlegge framtida. Det er uttalt at dagens struktur ikkje er berekraftig, uavhengig av sentrale politiske standpunkt, men dette kan sjølv sagt løysast på ulike måtar:

- ny kommunestruktur saman med nokre av våre gode naboar
- interkommunale samarbeid med god demokratisk styring
- omfattande digitalisering med god datainfrastruktur og digitale tenester

Med desse tankane må eg som rådmann prøve å løfte debatten om ny kommunestruktur i kommunen.

Svaret frå folk flest er at dei er nøgde med situasjonen slik den er i dag. Grunnen til at denne prosessen likevel har vorte starta, er at det er ytre forhold som krev endring. Dei ytre forholda er nasjonale forventningar om meir fokus på samfunnsutvikling og demokratiutvikling samt krav om auka tenestekvalitet

Rådmannen sitt ansvar handlar om å sikre ei ansvarleg gjennomføring av prosessen om ny kommunestruktur. Og denne prosessen har eit perspektiv langt utover den perioden politikanne våre er valde inn for. Ein har måtte ha tiltru til at ein gjennom dialog med naboane vil ynskje kvarandre vel, men må ta den tida ein treng til å snakke ut om utfordringane. Oppgåva, eller moglegheita i kommunereforma, er å forme samfunnet. I ei framtid der lokalisering betyr mindre og der infrastruktur og kommunikasjon stadig er i endring, vil kvalitet ha alt å seie.

Det har dukka opp nokre spørsmål om det heile handlar om å gjere seg «uattractive», for å få høve til å stå åleine. Men eg ser at ein må ta dei signala som er gitt frå fylkesmannen og statsråden på at dei kommunane som ikkje har gjort «heimeleksa» si før fristen 30.06.2016, ikkje kan forvente å verte teke omsyn til.

Ein kan då kome i ein situasjon der løysinga vert at overordna nivå vel styrt samanslåing. Men med det arbeidet og engasjementet politikanne i Vanylven kommune har lagt ned i saka, så er det klart at vi har gjort «heimeleksa».

Uansett om ein får større kommunar eller ein vert ståande åleine, må ein rekne med at fleire kompetansekravjande oppgåver vil verte slått saman i store interkommunale samarbeid. Då er det viktig at ein har gjort ein jobb på førehand der ein får definert kva ein er god på og kva ein ser ein har føresetnader på å levere i framtida. I tillegg trur eg at vi dei neste 10 åra vil oppleve ein digital revolusjon i kommunal sektor, som også vil endre vårt tenestetilbod.

Både næringslivs- og innbyggjarundersøkinga frå 2015 er tydelege på at det som er viktigast for Vanylven i lys av reforma, er fokus på samfunnsutvikling, tenesteniivå og lokaldemokratisk høve til styring. Lokalisering av rådhus og kommunenamn er minst viktig.

Arbeidet vidare vil no handle om politikanne sitt innsal av dei ulike alternativa til folket, og ei folkerøysting i april vert rådgjevande.

Andreas Chr. Nørve
rådmann
Vanylven kommune

KOMMUNEREFORM

Alle kommunane i landet er inviterte til å delta i prosessar med sikte på å vurdere og avklare om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar. Ordføraren er leiar av nemd for kommunereform i Vanylven.

Vanylven kommune har i 2015 køyrd prosessar for å avklare og styrke det lokale tenestetilbodet. Kommunen har i samsvar med kommunestyret sitt vedtak i 2015 hatt innleiande møte med dei fleste av nabokommunane våre. Utgreiingsarbeidet vart avslutta den 31. desember 2015.

Forhandlingsutvalet vert gjeve mandat til å halde fram forhandlingar om ein intensjonsavtale, sjølv om samansettinga av kommunar i dei tre alternativane skulle endre seg.

Fylkesmannen har vore tydeleg på at der er ein frist der han skal sende frå seg ei tilråding til ny kommunestruktur i Møre og Romsdal: 1. okt. 2016.

Som ein lekk i dette har alle kommunar ei utgreiingsplikt: det vil seie at ein legg til grunn at alle kommunar skal ta aktivt del i kommunereforma. Dette inneber blant anna å ha dialog med nabokommunar, utgreie og vurdere aktuelle alternativ, for så å ta stilling til kva for kommunar ein i så fall ynskjer å gå saman med. Dette innan 1. juli 2016. Difor må kommunen ha ein grundig prosess med sine nabokommunar, der også innbyggjarar, næringsliv og frivillig sektor vert involvert.

I Vanylven har vi køyrt to innbyggjarundersøkingar og ei næringslivsundersøking. I tillegg har det vore arrangert

fleire "Open Space"-møte der innbyggjarane har vore inviterte til å delta med innspel i prosessen. Kommunane vart tidleg bedne om å utarbeide ein milepælsplan. Det var sett ein frist til 31. januar for å gjere vedtak om kva alternativ ein skal gå i vidare forhandlingar med.

Kommunereforma er basert på eit frivillighetsprinsipp: men at det likevel vil vere » [...] aktuelt i helt spesielle situasjonar der enkeltkommuner ikkje må stanse endringer som er hensiktsmessige ut i frå regionale hensyn».

Tilrådinga som Fylkesmannen seinare skal kome med ovanfor Stortinget, skal vere basert på dei lokale prosessane i kvar einskild kommune, fakta om kommunen, måla i kommunereforma og kriteria for god kommunestruktur.

Kommunereforma handlar om framtida. Det har blitt ei krevjande oppgåve å ta aktivt del i arbeidet med kommunereforma, sette seg inn i prosessane, vurdere, ta stilling til og til slutt fatte vedtak.

For å utdjupe dette, eit sitat frå eit av breva frå Fylkesmannen: Dei som seier nei no – seier nei til å diskutere moglegheiter for framtida – og framtida kjem uansett. Då kan det vere lurt å bli med å påverke og ha «ei hand med på rattet»!

Vanylven kommune har teke dette signalet frå Fylkesmannen på alvor og vi kan føle oss trygge på at vi har gjort eit godt arbeid når det kjem til å utrede og vurdere ulike alternativ for framtida.

Kommunene avgjør selv om de vil slå seg sammen eller ikke.

Sanner, Klassekampen 17.02.16

Ei oversikt på korleis prosessen med kommunereform har vore og korleis den vert etter eit eventuelt vedtak i Stortinget:



Gjer deg kjend med inntektssystemet som dannar grunnlaget for handlingsrommet til Vanylven kommune i 2016 anten via QR-koden eller på frieinntekter.regjeringen.no

VANYLVEN - KARTLEGGING

Vanylven kommune gjekk tidleg ut og søkte innbyggjarane sine synspunkt på kommunereforma.

Allereie i oktober 2014 gjennomførte NIVI-analyse ei innbyggjarundersøking. Ein ynskja å avklare geografisk retning før ein gjekk vidare med utredningane. Spørsmåla ein tok føre seg var tilhørse knytt til identitet, synspunkt på samanslutning til ei større kommune og korleis innbyggjarane orientere seg i retningar. Dette arbeidet vart fulgt opp med ei ny undersøking i 2015 og då vart det i tillegg gjort ei tilsvarande undersøking i næringslivet i kommunen. I tillegg har det i 2014 og 2015 vore køyrt undersøkingar i regionen, initi-

ert av Sunnmøre Regionråd, som har gitt oss nokre peikepinnar på korleis dei andre kommunane orienterar seg i forbindelse med kommunereform. I dei lokale undersøkingane utført av NIVI var det eit representativt utval på over 500 personar i både 2014 og 2015, i den regionale var dette utvalet mindre (ca 60). Likevel ser ein klart dei same trekkane i 2014 og 2015, sjølv om der er nyansar som har endra seg litt undervegs i prosessen med kommunereforma.

Meir detaljar på dei ulike undersøkingane finn du på kommunen sine nettsider – under «KOMMUNEREFORM».

NYTT INNTEKTSSYSTEM

I kommuneproposisjonen for 2016 vart det varsla at regjeringa vil ta ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane, og at forslag til nytt inntektssystem skal presenterast i kommuneproposisjonen for 2017. Det vart understreka at denne gjennomgangen av inntektssystemet også skal sjåast i samanheng med kommunereforma.

Regjeringa la den 16. desember 2015 fram forslag til eit nytt inntektssystem for kommunane. Dei kan forvente endringar i basistilskottet, som i dag er på omlag kr 13 000 000 til alle kommunane: "Etter departementets vurdering bør ikkje kommuner kompenseres for frivillige smådriftsulempar på kommunenivå. Det foreslås derfor at det gjøres endringer i kompensasjonen for små- driftsulempar i inntektssystemet, slik at det ikke lenger blir gitt full kompensasjon for frivillige smådriftsulempar gjennom basiskriteriet. Basiskriteriet dekker i hovedsak administrative kostnader i kommunen. Det skal fortsatt gis full kompensasjon for smådriftsulempar på tjenestenivå grunnet bosettingsmønster."

Endringar er i tråd med signala i Kommuneproposisjonen 2015 og er knytt til: 1. Oppdatering av kostnadsnøkklane 2. Endra basistilskott 3. Endringar i distriktpolitiske tilskott (småkommune- og distrikstilskott) 4. Selskapskatt kjem i tillegg Etter kommunereforma

er det ikkje lenger sett på som ein ufrivillig kostnad å vere ein kommune. Basistilskott vil bli nærare knytt opp mot reiseavstandar, utrekna frå gjennomsnittleg reisetid for å nå 5.000 innbyggjarar. I praksis får det ulike verknadar: Ein kommune som har lang reiseavstand for å nå 5.000 innbyggjarar vil oppretthalde tilskottet på om lag 13,2 millionar 2016-kroner. Ein kommune som ligg tett opp til 5.000 innbyggjarar vil få dette beløp redusert i takt med kortare reiseavstand. Grenseverdien for reiseavstand er foreslått til 13,3 km, 16,5 km og 25,4 km i høyringsnotatet. For Vanylven kommune gir endringa i strukturkriteriet isolert sett truleg ei auke i overføringane frå staten.

Det må understrekast at for Vanylven kommune er det ikkje endringar i basistilskott eller distrikstilskott som utgjer ei økonomisk utfordring. Derimot er det ei oppdatering av kostnadsnøkklane som førar til ein vesentleg reduksjon i rammeoverføringane på meir enn kr 3 000 000. Kostnadsnøkkelene er fordelinga av midlar per innbyggjar per brukargruppe. Alle er inndelt i ulike grupper. Vi har til dømes gruppa eldre over 90 år og gruppa psykisk utviklingshemma, som er to av dei gruppene med størst reduksjon i overføringane for Vanylven kommune. Rådmannen er litt overraska over at det er dei svakaste gruppene som skal få størst reduksjon, og vi vil sjølv sagt innstille på eit høyringssvar som kommenterer dette.

Vanylven kommunestyre gir fylgjande uttalelse til nytt inntektssystem

Vanylven kommune ser det som ei stor økonomisk utfordring med dei signalerte oppdaterte kostnadsnøkklane.

Vanylven kommune må sjåast som ei ordinær distriktskommune med ein demografi som er prega av ei aldrande innbyggjarsamansetning og lave fødselstal. Det medfører at ein prosentmessig samla sett har ein større andel innbyggjarar som er brukarar av kommunale basistenester.

Dette gir Vanylven kommune særleg negative konsekvensar som fylgje av ei oppdatering av kostnadsnøkklane. Den største reduksjonen ligg i fordelinga av midlar til gruppa eldre over 90 år, psykisk utviklingshemma og barn mellom 2 og 5 år. Dei mest sårbare gruppene i samfunnet får reduksjon i overføringa av midlar, med den konsekvens at det vert stadig tyngre og levere kvalitetsmessig og forsvarelege tenester til dei gruppene som i stor grad er avhengig av trygge og gode rammer.

Vanylven kommune ber difor om at dette vert teke hensyn til i det vidare arbeidet med nytt inntektssystem slik at kommunar uavhengig av størrelse får ei forsvarleg økonomisk grunnlag til å levere tenester til dei svakaste gruppene i samfunnet.

KVEN ER NABOANE VÅRE? Tal og faktaopplysningar

Vågsøy kommune



har 6 062 innbyggjarar og har ein forventa vekst fram til 2026 på 3,6%
 Vågsøy er 177 km².
 Antal adm.ressursar*: 31,0
 Netto driftsresultat (2014): 2,5%
 Arbeidskapital/likviditet (2014): -0,1%
 Gjeld pr innbyggjar 2015 2019
 64 995 118 113
 Kostnad når kommunen ikkje klarer å ta imot utskrivningsklare pasientar (2014)
 195 730


Netto driftsutgift pleie og omsorg pr innbyggjar over 80 år 278 716
 Barn pr tilsett i barnehagen: 6,1
 Pedagogtettleik i barnehagen: 34%
 Lærarar (1.-10.) utan utdanning: 7,3%
 Elevar pr klasse: 11
 Pendlarar UT av kommunen: 13,9%

Selje kommune



har 2 752 innbyggjarar og har ein forventa vekst fram til 2026 på -1%
 Selje er 226 km².
 ROBEEK-lista
 Antal adm.ressursar*: 14,0
 Netto driftsresultat (2014): -0,6%
 Arbeidskapital/likviditet (2014): -4%
 Gjeld pr innbyggjar 2015 2019
 71 584 66 133
 Kostnad når kommunen ikkje klarer å ta imot utskrivningsklare pasientar (2014)
 21 275

Netto driftsutgift pleie og omsorg pr innbyggjar over 80 år 370 024
 Barn pr tilsett i barnehagen: 5,4
 Pedagogtettleik i barnehagen: 34%
 Lærarar (1.-10.) utan utdanning: 4%
 Elevar pr klasse: 10
 Pendlarar UT av kommunen: 23,8%



Sande kommune



har 2 635 innbyggjarar og har ein forventa vekst fram til 2026 på 2,7%
 Sande er 93 km².
 Antal adm.ressursar*: 13,4
 Netto driftsresultat (2014): -0,9%
 Arbeidskapital/likviditet (2014): 24,4%
 Gjeld pr innbyggjar 2015 2019
 68 046 91 386
 Kostnad når kommunen ikkje klarer å ta imot utskrivningsklare pasientar (2014)
 0

Netto driftsutgift pleie og omsorg pr innbyggjar over 80 år 381 076
 Barn pr tilsett i barnehagen: 5,5
 Pedagogtettleik i barnehagen: 53%
 Lærarar (1.-10.) utan utdanning: 0,5%
 Elevar pr klasse: 10
 Pendlarar UT av kommunen: 26,9%

Herøy kommune



har 8 934 innbyggjarar og har ein forventa vekst fram til 2026 på 5,7%
 Herøy er 120 km².
 Antal adm.ressursar*: 45,6
 Netto driftsutgift (2014): -6,9%
 Arbeidskapital/likviditet (2014): -0,3%
 Gjeld pr innbyggjar 2015 2019
 85 628 89 499
 Kostnad når kommunen ikkje klarer å ta imot utskrivningsklare pasientar (2014)
 0

Netto driftsutgift pleie og omsorg pr innbyggjar over 80 år 300 387
 Barn pr tilsett i barnehagen: 6,7
 Pedagogtettleik i barnehagen: 38%
 Lærarar (1.-10.) utan utdanning: 0,2%
 Elevar pr klasse: 13
 Pendlarar UT av kommunen: 21,8%



Ulstein kommune



har 8 292 innbyggjarar og har ein forventa vekst fram til 2026 på 18,8%
 Ulstein er 97 km².
 Antal adm.ressursar*: 42,3
 Netto driftsresultat (2014): 1,1%
 Arbeidskapital/likviditet (2014): 3,7%
 Gjeld pr innbyggjar 2015 2019
 145 481 155 542
 Kostnad når kommunen ikkje klarer å ta imot utskrivningsklare pasientar (2014)
 0

Netto driftsutgift pleie og omsorg pr innbyggjar over 80 år 327 618
 Barn pr tilsett i barnehagen: 5,9
 Pedagogtettleik i barnehagen: 44%
 Lærarar (1.-10.) utan utdanning: 1,2%
 Elevar pr klasse: 13
 Pendlarar UT av kommunen: 27,2%

Hareid kommune



har 5065 innbyggjarar og har ein forventa vekst fram til 2026 på 4,1%
 Hareid er 82 km².
 ROBEEK-lista
 Antal adm.ressursar*: 25,8
 Netto driftsresultat (2014): 1,3%
 Arbeidskapital/likviditet (2014): -5,3%
 Gjeld pr innbyggjar 2015 2019
 64 679 74 802
 Kostnad når kommunen ikkje klarer å ta imot utskrivningsklare pasientar (2014)
 0

Netto driftsutgift pleie og omsorg pr innbyggjar over 80 år 275 670
 Barn pr tilsett i barnehagen: 6,0
 Pedagogtettleik i barnehagen: 38%
 Lærarar (1.-10.) utan utdanning: 0,3%
 Elevar pr klasse: 14
 Pendlarar UT av kommunen: 40,4%



Og kven av desse vil vere den beste "matchen" for oss sjølve?



Vanylven kommune

med 3 258 innbyggjarar og ein forventa negativ folketalsvekst på -12,3%
 Likevel burde arealet på 385 km² vere ein stor verdi å ta med seg inn i ei eventuell ny storkommune
- faktisk er vi på størrelse med dei fire andre sunnmørskommunane sett saman.

Antal adm.ressursar: 16,6
 Netto driftsresultat (2014) 2,1%
 Arbeidskapital/likviditet (2014) 22,4%
 Gjeld pr innbyggjar 2015 2019
 67 281 68 670

Kostnad når kommunen ikkje klarer å ta imot utskrivningsklare pasientar (2014) 0
 Netto driftsutgift pleie og omsorg pr innbyggjar over 80 år 255 519

Barn pr tilsett i barnehagen 5,2
 Pedagogtettleik i barnehagen 37%
 Lærarar (1.-10.) utan utdanning 0,8%
 Elevar pr klasse 10
 Pendlarar UT av kommunen 21,3%

*adm.ressursar: Basert på "Sammenlikning av kommunenes administrative stillinger" frå Agenda Kaupang oktober 2015 har ein rekna ut eit estimat på antal administrative stillingar i dei ulike kommunane. Med administrative stillingar meiner ein typiske rådhusfunksjonar minus teknisk avd., landbruk, barnevern og PPT. Tala er oppgjeve i antall årsverk.

Kjelder og foto: kommunane sine egne nettsider, www.nykommune.no, wikipedia.no enbedre-barnehage.no, nrk.no



I løpet av perioden der kommunane har vore i utgreiingsfasen, har det vorte utarbeidd so kalla intensjonsavtalar med dei kommunane ein ser det mogleg å danne ein ny storkommune saman med. Ein intensjonsavtale er i utgangspunktet ikkje eit juridisk bindande dokument, men

vil verte ein peikepinn og ei moralsk binding for ein seinare endeleg avtale. Partane kan likevel regulere i avtalen at den skal ha "løyveverknader" som vil binde partane juridisk. Intensjonsavtalane handlar om dei grove trekka, namn - plasseringar - driftsmodell - demokratiske sys-

tem. Kven av dei "gamle" kommunane som har styrke og kvalitetar som gjer det naturleg å plassere nettopp ansvaret og vidareføre dette området på vegne av storkommunen. Kvar kommune har etablert eit forhandlingsutval som har vore sentralt i drøftin-

gane rundt intensjonsavtalane. Dei har saman med rådmennene sett opp dei forslaga som no ligg på bordet. Vanylven har fått løyve til å nytte avtalen frå ytre Ryfylke som utgangspunkt for forhandlingane. Det har vore eit nyttig verktøy.



Felles for informasjonen om alternativa er at dette er estimat. Det er vanskeleg - om ikkje umogleg, å spå korleis situasjonen vil verte etter 2020. Men basert på dei faktorene vi kjenner til, den dialogen forhandlingsutvala har opplevd og det faktagrunnlaget som rådmannen har høve til å leggje fram, vil dette vere ein introduksjon til dei ulike alternativa. Det vil også vere eit felles trekk at basistene-

(skule, barnehage, helsetenester) vil også i framtida vil verte lokalisert nærast mogleg brukarane, så lenge folketallet gjev grunnlag for å ta vare på tilboda. Ein gjer merksam på at dette er scenario frå 2025, i ei overgangsfase må ein forvente ei gradvis utvikling frå dagens situasjon til desse estimata.

Stadt kommune

Ein er gjennom intensjonsavtalen som ligg føre sikra semje rundt hovudmåla for samanslåinga:

- sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- attraktiv lokaliseringstid for næringsverksemd og sentrale tenester
- sterkare gjennomslagskraft utad
- ta vare på stadidentiteten til innbyggjarane

Ein er samde om at Måløy vert administrasjonsstad i den eventuelt nye kommunen og at målforma er nynorsk. Administrasjonsstaden vil ha ordførar, rådmann, kommunalsjefar, fagstab, økonomisjef, personalsjef og overordna plan- og utviklingsarbeid. Når det gjeld spørsmål om kva fylke ein skal tilknyttast vil det verte utført ei utgreiing om spørsmålet og ein vil søkje å finne dei beste løysingane for innbyggjarane av omsyn til grensevengjenging tenester. For å ivareta lokaldemokratiet best mogleg vil det nye kommunestyret ha 45 medlemmar. IKS/eksisterande samarbeid skal i størst mogleg grad avviklast og samlast i den nye kommunen. Vanylven er i vedlegg til avtalen tildelt tenestene servicetorg, byggsak, landbruk og PPT på vegne av storkommunen, til saman 18,5 stillingar (sjå estimat prosentvis årsverkfordeling under). Vi må pårekne endringar i skulestrukturen. Vanylven kommune har også fått signal frå dei andre kommunane på at vi får eit framtidig rehabiliteringssenter. Meir utfyllande informasjon er å finne på kommunen sine nettsider.

Vanylven kommune

Vi er ein godt driven kommune, og har relativt ferske brukarundersøkingar som syner at vi leverer gode tenester. Kommunen har pr no eit disposisjonsfond på vel 10 millionar, og vi har redusert arbeidsgjevaravgift fram til 1. januar 2021 og kommunen har ikkje eigedomsskatt.

Som følgje av reduksjonane som vart trekt frå Vanylven då ein fekk innført lavare arbeidsgjevaravgift i 2014, har Vanylven i perioden 2016-2020 fått dette kompensert med 37 millionar.

Men i reformsamanheng må ein skimte eit bilete av ein kommune med endra driftsføresetnader - sett igjennom forventa utviklingstendensar. Med nytt helse- og omsorgssenter er vi godt rusta innan helsesektoren til å ivareta dei forventningane som vil ligge til tenesteleveransar. Når det gjeld grunnskule tilseier elevtala at det i nær framtid vil vere behov for strukturelle endringar innan denne sektorenn for å framleis kunne levere gode tenester innan dei ramme sektorane vil rå over.

Vanylven kommune er uansett eit reelt alternativ sjølvstendig, men ein bør kjenne til kva konsekvensar ein må rekne med. Når det gjeld stillingar lokalisert på rådhuset, administrative og supplerande ressursar i kommuneorganisasjonen elles, må vi gjere eit estimat basert på dei tala vi kjenner til i dag. Pr i dag har Vanylven kommune 30,3 stillingar. Når vi kjenner til signala som er gjeve i Meld. St. 14 - som handlar om kommunereform. Då må vi rekne med at kompetansekrevinge oppgåver som økonomi/lønn, plan, IKT, barnevern og PPT vil bli redusert til 16,1 stillingar i høve dagens nivå. "I utredningen vil det også vurderes om (Staten) på forhånd kan angi særskilte tjenesteområder som vil kunne være aktuelle for pålagte samarbeid". Ein må også rekne med overordna føringar på kva som vert rekna som robuste fagmiljø innan dei ulike fagområda.

Runde kommune

Arbeidet med eit utkast til intensjonsavtale pågår men dette alternativet har brukt noko lenger tid på å kome i gong samanlikna med det andre.

Det er pr d.d. einigheit om at Runde kommune mellom anna skal vere sterk og attraktiv med lokal identitet og regional slagkraft. Kommunen skal ha attraktive og definerte tettstadar og sterk samhandling mellom næringsliv, frivillege, kommune, utdanning- og forskingsinstitusjonar. Sande Fastlandssamband, HAFASST og Rovdefjordsambandet vert nemnde som viktige samferdsletiltak og det er arbeid med kollektivtilbod, næringsutvikling og tenesteinnovasjon. Det vert drøfta om ein vil etablere eit nytt "senter" sentralt i den nye kommunen og korleis ein skal ivareta aktivitet i dei eksisterande kommunesentra. Verdien av lokaliseringa som ei KYST-kommune vert vektlagt i dialogen.

Det er enno ikkje avklara kva type tenesteområde Vanylven vil kunne bli tildelt i den nye kommunen, dette gjenstår pr d.d. i forhandlingane. Men Vanylven ha fokus på å få tildelt felles sentralbord og landbruk (dette er allereie signalisert positivt på rådmannsnivå) og i tillegg behalde service-/ NAV-kontor, ressursar på kultur/ungdom. Vi må pårekne endringar i skulestrukturen. Men med utgangspunkt i ei prosentvis fordeling kan ein gjere eit estimat på omfang som vil bety ca. 21,5 stillingar (sjå estimat prosentvis årsverksfordeling under). Meir utfyllande informasjon er å finne på kommunen sine nettsider.

Det er viktig for Vanylven kommunestyre å vidareføre gode beredskapstenester for brann, ambulanse, lege og politi uansett resultat av kommunereforma.

Innbyggjarar i Stadt kommune	12 072	Innbyggjarar i Vanylven kommune	3 258	Innbyggjarar i Runde kommune	28 184
Total verdiskaping*		Total verdiskaping*		Total verdiskaping*	
i Stadt kommune	4 858 457 746	i Vanylven kommune	649 429 184	i Runde kommune	16 996 912 250
Verdiskaping * pr sysselsett	884 321	Verdiskaping * pr sysselsett	489 028	Verdiskaping * pr sysselsett	1 169 942
Sum administrasjon (årsverk) VSV	61,6			Sum administrasjon (årsverk) Runde	143,7
Vanylven	30% = 18,5			Vanylven	15% = 21,5
Selje	30% = 18,5			Sande	15% = 21,5
(rådhus) Vågsøy	40% = 24,6			(rådhus) Herøy	20% = 28,7
				Ulstein	30% = 43,3
				Hareid	20% = 28,7

I intensjonsavtalen for Nordfjord-alternativet har ein lagt til grunn ei fordeling av typiske administrative stillingar og det er forventa at det er ei tilsvarande fordeling som ein vil leggje til grunn for eit samarbeid med Runde. Fordelinga tek hensyn til ein rettferdig ba-

lance i høve til størrelse og kven som får tildelt "hovudrådhus" der ordførar og rådmann vert plasserte. Vanylven kommune har i forhandlingane vektlagt eit fokus på at ein skal ha aktivitet og tenesteproduksjon i alle dei "gamle" rådhusa.

I tillegg må ein ta høgde for at tyngre oppgåver som barnevern og PPT vert sentralisert. Område som rehabilitering og andre oppgåver som nye, større kommuner må forvente å verte pålagde i framtida, må fordelast i tillegg til dette.

VALDAG 25. april 2016

**Førehandsrøysting
frå og med 14. mars 2016
på Vanylven rådhus**

Merk: i påskeveka er rådhuset ope for førehandsrøysting mandag/tirsdag, kl 10-14, onsdag kl. 10-12. I tillegg vert det mogleg å førehandsrøyste laurdag 23. april.

Berre røyster i krinsane på valdagen vert talde på krinsbasis, dvs berre røystene på valdagen vert differensiert på krins.

På valdagen:

Rovde	kl. 12.00 - 18.00	Fiskå	kl. 10.00 - 18.00
Myklebust	kl. 10.00 - 18.00	Sylte	kl. 12.00 - 18.00
Eidså	kl. 12.00 - 18.00	Åheim	kl. 10.00 - 18.00
Åram	kl. 12.00 - 18.00		



Foto: Anna Ma Olsson



RØYSESETLAR

Vanylven kommunestyre har i møte 16. februar 2016, sak 2012/571 vedteke at alternativa på røystesetlane skal ha fylgjande alternativ:

- JA, Sande - Herøy - Ulstein - Hareid
- JA, Selje - Vågsøy
- NEI, men dersom kommunesamanslåing ikkje er til å unngå vel eg Sande - Herøy - Ulstein - Hareid
- NEI, men dersom kommunesamanslåing ikkje er til å unngå vel eg Selje - Vågsøy
- NEI

Det vil difor verte fem ulike røystesetlar, i tillegg til at ein har høve til å røyste blankt.

Ein gjer merksam på at dei som røyster NEI fråskriv seg høve til å ytre noko om retningsvalg sett at ein kjem i ein situasjon der kommunereform ikkje er mogleg å unngå, fordi det er no ein spør innbyggjarane.

Røysterettsalderen er sett til 16 år (alle som fyller 16 år i 2016).

VEGEN VIDARE

Etter at alle vedtaka frå kommunane er sende til Fylkesmannen innan 1. juli 2016 – skal Fylkesmannen starte arbeidet med å gå gjennom vedtaka, for å gjere si tilråding til KMD.

Fylkesmannen har allereie starta på arbeidet med å innhente og systematisere fakta om kommunane i Møre og Romsdal. Det vil halde fram våren 2016. Alle fakta og framtidsanalysar om kommunen blir viktig dokumentasjon i det vidare arbeidet med tilrådinga.

Fylkesmannen skal då på sjølvstendig grunnlag analysere og vurdere kva som gagnar ein samla kommunestruktur i Møre og Romsdal. Fylkesmannen vil søkje etter å finne løysingar som som kan fremje utvikling både for by og distrikt.

Det vil i denne samanhengen vere viktig for Fylkesmannen korleis kommunen har vurdert og analysert sitt tilhøve med kommunane i sine eigen bu- og arbeidsmarknadsregion.

Dersom vedtaket som vert oversendt til Fylkesmannen inneber at kommunen berre ynskjer å halde fram som før utan alternativ, har ikkje kommunen gjeve råd til Fylkesmannen sett i høve til bestillinga frå Stortinget og regjeringa.

Difor må kommunane i tillegg ha minst ei utgreiing saman med ein eller fleire kommunar som eit alternativ i den endelege saksutgreiinga når ein skal ta stilling til kva kommunen vel for framtida.

Hugs folkemøtet om kommunereforma mandag 29. februar kl. 18.00 på Fiskå ungdomshus



STADT?

ÅLEINE?

RUNDE?

I samsvar med Inndelingslova "§10 innbyggjarhøyring" heiter det at kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring.

Politikarane i Vanylven kommune ynskjer difor di røyst på kva du meiner er det beste alternativet for Vanylven i framtida. God valoppslutning vil vonleg gje tydelege svar.



YNSKJER DU FRAMLIS MEIR INFORMASJON OM KOMMUNEREFORMA?

Besøk kommunen sine nettsider på

www.vanylven.kommune.no/kommunereform/ eller ta kontakt med servicetorget, 700 30 000.